

Årsmelding 2000

1 Innleiing

| | | |
|-----|---|----|
| 1.1 | Melding frå styret | 3 |
| 1.2 | Medlemmer og varamedlemmer i Norsk språkråd 2000-2003 | 5 |
| 1.3 | Styre, fagnemnd og sekretariat | 8 |
| 1.4 | Stadnamntenesta | 10 |

2 Normering

| | | |
|-------|--|----|
| 2.0 | Brev frå Kulturdepartementet..... | 11 |
| 2.1 | Rettskrivingsvedtak | 11 |
| 2.1.1 | Norvagisering | 11 |
| 2.1.2 | Enkel/dobel sluttkonsonant | 12 |
| 2.2 | Forkortigar..... | 13 |
| 2.3 | Transkripsjon av nygresk | 13 |
| 2.4 | Oppmoding til aviser, forlag og andre tekstprodusentar | 13 |
| 2.5 | Ordtarfanganget i nynorsk..... | 14 |
| 2.6 | Retningslinjer i uttalespørsmål | 14 |
| 2.7 | Tilrådingar | 15 |
| 2.7.1 | Preposisjonsbruk | 15 |
| 2.7.2 | Nemningar for gradar i norsk høgare utdanning | 15 |
| 2.7.3 | Nemningar for nettfirmा..... | 15 |

3 Namnesaker og terminologi

| | | |
|-----|----------------------------------|----|
| 3.1 | Namn på olje- og gassfelt | 15 |
| 3.2 | Ordbok for fysikk og kjemi | 15 |
| 3.3 | Grammatisk terminologi | 16 |

4 Språkvern 16

| | | |
|-----|--|----|
| 4.1 | Plan for språkstyrkingsarbeidet | 16 |
| 4.2 | Norskspråklege lærebøker ved universitet og høgskular..... | 17 |
| 4.3 | Diplom for godt namnevett | 17 |
| 4.4 | Avløysarord | 17 |

5 Norsk språk og IKT

6 Lærebokgransking

| | | |
|-----|--|----|
| 6.1 | Kontroll av språket i lærebøker | 19 |
| 6.2 | Bortfall av godkjenningsordninga | 19 |
| 6.3 | Tilbod om kvalitetssikring av lærebøker..... | 20 |

7 Språkleg jamstilling

| | | |
|-----|--|----|
| 7.1 | Lov om målbruk i offentleg teneste..... | 21 |
| 7.2 | Nynorsk programvare | 22 |
| 7.3 | Sidemålet i vidaregåande opplæring | 22 |

8 Stadnamntenesta

| | | |
|-----|-------------------------------------|----|
| 8.1 | Arbeidsoppgåver | 23 |
| 8.2 | Møte og konferansar..... | 23 |
| 8.3 | Opplysningsverksemd | 24 |
| 8.4 | Klagenemnda for stadnamnsaker | 25 |

9 Forsknings- og utviklingsarbeid

| | | |
|-----------|--|-----------|
| 9.1 | Arbeid med nyord..... | 25 |
| 10 | Anna verksemد..... | 26 |
| 10.1 | Nordisk og internasjonalt samarbeid..... | 26 |
| 10.2 | Statens fellesblankettutval | 26 |
| 10.3 | Norsk språkpris..... | 26 |
| 11 | Rådgiving og informasjon | 27 |
| 11.1 | Rådgiving | 27 |
| 11.2 | Informasjon | 27 |
| 11.2.1 | Papirpublikasjonar..... | 27 |
| 11.2.2 | Nettsider | 27 |
| 11.2.3 | Språksider på NRKs tekst-tv | 27 |
| 11.2.4 | Pressemeldingar og anna | 28 |
| 12 | Administrasjon | 29 |
| 12.1 | Budsjett og rekneskap for år 2000..... | 29 |
| 12.2 | Møte i råd, styre og fagnemnd | 29 |
| 12.3 | Avlevering av arkivmateriale | 30 |
| 12.4 | Kompetanseutvikling og lønningar i sekretariatet | 30 |
| 12.5 | Deltaking på konferansar, seminar og anna | 30 |

Vedlegg

| | | |
|---|---|----|
| 1 | Lov om Norsk språkråd..... | 33 |
| 2 | Vedtekter | 34 |
| 3 | Retningslinjer for opptak av tyske og danske importord i nynorsk | 38 |
| 4 | Godkjenning av ordlister – bruk av retningslinjene for opptak av importord..... | 39 |

1.1 MELDING FRÅ STYRET

På årsmøtet i år 2000 vedtok Norsk språkråd ein langtidsplan for perioden 2000–2003. Planen er eit strategisk styringsdokument som skal leggjast til grunn for det samla arbeidet i rådet, blant anna ved at det årlege budsjettarbeidet skal knytast til strukturen i planen, og ved at årsplanane skal byggja på planen. Planen har ein måldel, ein del som beskriv og analyserer verksemda til Språkrådet, og ein strategidel. Strategivedtaka frå sist årsmøte lyftar fram språkvern som eit stort satsingsområde, ved sida av norsk språk og IKT. Stikkord i strategien er elles arbeid med organisatoriske og økonomiske endringar, utvikling av nye, brukarretta tenester og meir vekt på samarbeidsnettverk.

I samsvar med dette har styret lagt stor vekt på å få i gang arbeidet med språk og IKT. Det var gode søkjrarar til dei to utlyste stillingane, og vi fekk tilsett dei vi ønskte i stillingane, som skal stå for det viktige arbeidet med ein handlingsplan for norsk språk og IKT. I arbeidet med handlingsplanen har vi valt å oppnemna ei ekstern ekspertgruppe for å sikra så breitt grunnlag som råd for planen.

Leiinga har drøft arbeidsmåten med Kulturdepartementet, som og vil syta for ei tverrdepartemental referansegruppe. I desse sakene har vi alt avtalt å leggja opp til eit nært samarbeid med Noregs forskingsråd. Alt no ser vi at utviklinga av ein norsk språkbank blir eit sentralt diskusjonspunkt i IKT-arbeidet vidare. Her må fleire departement lyfta i flokk dersom det skal vera håp om å gjennomføra eit så tungt lyft som ein fullverdig språkbank inneber.

Styret har òg lagt meir vekt på språkvern, gjennom utspel i media, men mest gjennom ei arbeidsgruppe som på kort tid har fullført arbeidet med ein handlingsplan for språkvern som styret i hovudsak har gjeve tilslutning til. Gruppa lanserer og ideen om ein ny språk-kommisjon som skal sjå breitt på norsk språkpolitikk i eit nytt tusenår. Leiinga har vorte einig med Kulturdepartementet om at vi tek initiativ til å drøfta denne saka og nærskylde saker med departementet etter årsskiftet.

I samband med at lærebokgranskingsa fall bort, har styret, etter tilråding frå ein eigen komité, gått inn for å tilby betalingstenester til forlaga på dette området, i tillegg til at vi som del av den ordinær drifta tek stikkprøver av skulebøker som kjem ut. I samband med at Stortinget behandla saka, tok vi direkte kontakt med komiteen og var dermed med på å sikra at godkjenningsordninga for ordlistar vart halden oppe.

Etter rådsmøtet i februar 2000 vart rettskrivingsvedtaka for perioden 1996–2000 oversende Kulturdepartementet til godkjenning. I slutten av juni opplyste departementet at det trongst meir tid til vurderinga, og at det ikkje ville koma på tale med endringar i rettskrivinga for skuleåret 2000–2001. I eit møte med departementet 13. desember vart leiinga i Språkrådet orientert om at norvagiseringsvedtaka for perioden vart godkjende og skal ta til å gjelda frå 1. juli 2001. Dei andre vedtaka ville departementet senda tilbake til Språkrådet til ny behandling. Det inneber at Språkrådet i 2001 må gjennomgå desse vedtaka på nytt med bakgrunn i dei innvendingane departementet har kome med.

Styret har slutta seg til framlegget frå fagnemnda til retningslinjer for uttalerådgjeving. Dette er ei sak som først vart teken opp i bokmålsseksjonen på rådsmøtet i 1998, og som seinare har vore drøfta fleire gonger i fagnemnda. Målet med uttalereglane er ikkje å innføra ei generell offisiell talenorm i Noreg, men å gje nokre konkrete retningslinjer som sekretariatet kan nytta i rådgjevingsarbeidet sitt i uttalespørsmål.

Elles ser styret at sekretariatet gjer eit omfattande rådgjevings- og informasjonsarbeid, både gjennom e-brev, telefon, tekst-tv, ymse skrifter og gjennom profesjonelt informasjonsarbeid på

verdsveven. Både tiltaket Godt namnevett og arbeidet med å sikra måljamstellinga i statsorgan gjev mykje medieomtale. Det same har saka om sidemål i Oslo-skulen gjort. Styret valde å få fram eit grundig brev til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet med brei grunngjeving for kvifor det må vera skriftleg opplæring i begge målformene våre i den vidaregåande skulen.

Året har gjeve store utfordringar for sekretariatet i Norsk språkråd. Igangsetjing av IKT-verksemd, bortfall av arbeidsoppgåver knytte til lærebokgransking, omlegging og styrking av økonomiarbeidet, og i tillegg at to kontormedarbeidarar har slutta i stillingane sine, har kravd sitt av alle tilsette i sekretariatet. Styret vil understreka at dei tilsette har vist stor vilje til omstilling i denne situasjonen, slik at dei fleste oppgåver i arbeidsplanen er gjennomførte.

Samstundes har leiaren og nestleiaren, i samråd med kontorsjefane og dei andre tilsette, sett i gang fleire nye tiltak når det gjeld personalpolitikken. Det er arbeidd med ein kompetanseplan, som både har kartlagt kunnskapane dei tilsette har, og peikar på kva område vi treng ny kompetanse på. Parallelt med dette er det gjennomført medarbeidarsamtalar med dei tilsette. Til saman dannar dette arbeidet grunnlaget for eit større personalseminar på ettermiddagen 2001.

1.2 MEDLEMMER OG VARAMEDLEMMER I NORSK SPRÅKRÅD 2000-2003

| Oppnemnd av: | Medlemmer: | Varamedlemmer: |
|--|--|--|
| Norske universitet og vitskaplege høgskular ved Det norske universitetsrådet | Førsteamanuensis Gulbrand Alhaug (nyno.) Professor Jan Terje Faarlund (nyno.) Professor Helge Sandøy (nyno.) Professor Helge Dyvik (bm.) Professor Brit Mæhlum (bm.) Professor Kjell Ivar Vannebo (bm.) | Førsteamanuensis Ola Stemshaug Førsteamanuensis Arnbjørg Hageberg Professor Else Mundal Amanuensis Ivar Utne Professor Endre Mørck Professor Ruth Vatvedt Fjeld |
| Grunnskulen ved sin lærarorganisasjon | Assisterande informasjonssjef Jan Olav Bruvik (nyno.) Utgreiingsleiar Marit Dahl (bm.) | Logoped Håkon Askeland Studierektor Torill Scharning Lund |
| Den vidaregåande skulen, folkehøgskulen og lærarhøgskulen ved sine lærarorganisasjonar | Hovudlærar Kari Haave (nyno.) Høgskulelektor Harald Morten Iversen (bm.) | Dagleg leiar Dag Wollebæk Adjunkt Gunnar Gjevre |
| Landslaget for norskundervisning | Lektor Olav Veka (nyno.) Professor Jan Svennevig (bm.) | Førstelektor Synnøve Skjong Høgskulelektor Hildegunn Otnes |
| Den norske Forfatterforening | Forfattar Åsmund Forfang (nyno.) | Forfattar Eva Jensen |

| | | |
|---|--|---|
| | Forfattar Oddmund Hagen (nyno.) | Forfattar Helga Eriksen |
| | Forfattar Aud Korbøl (bm.) | Forfattar Erling Pedersen |
| | Forfattar Hanne Ørstavik (bm.) | Forfattar Morten Øen |
| Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening | Førstelektor Norunn Askeland (nyno.) | Journalist John Stanghelle |
| | Forfattar Guri Hjeltnes (bm.) | Generalsekretær Trond Andreassen |
| Norsk oversetterforening, Statsautoriserte trans- latørers forening og Over- setterutvalget i Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening | Statsautorisert translatør Aud Martha Lima (nyno.) | Fjernsynstekstar Anne Margrethe Standal |
| | Omsetjar Aud Greiff (bm.) | Professor Trond Berg Eriksen |
| Den norske Forleggerforening | Forlagsredaktør Olav Væhle Hauge (nyno.) | Forlagsredaktør Inger Vederhus |
| | Direktør Ola Haugen (bm.) | Hovudkonsulent Ivar Havnevik |
| Norsk Presse- forbund | Redaktør Asgeir Olden (nyno.) | Frilansjournalist Lars Aarønæs |
| | Redaktør Per Egil Hegge (bm.) | Redaktør Marit Aschehoug |
| Norsk rikskring- kasting ved styret | Programredaktør Bjarne Grevsgard (nyno.) | Programsekretær Ragnhild S. Fjørtoft |
| | Programsekretær Bjørg Gaathaug (bm.) | Kanalsjef Nils Heldal |
| Riksmålsforbundet | Førsteamannuensis Tor Guttu (bm.) | Statsautorisert translatør Per A.H. Jakhelln |
| | Lektor Erik Gjestvang | Lektor Hilde Sejersted |

| | | |
|---|--|-------------------------------------|
| | (bm.) | |
| Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur | Professor John Ole Askedal (bm.) | Førstelektor Ole Michael Selberg |
| Noregs Mållag | Professor Arthur O. Sandved (bm.) | Teatersjef Nils Heyerdahl |
| | Forskar Oddrun Grønvik (nyno.) | Lektor Turid Kleiva |
| | Førsteamamuensis Johan Myking (nyno.) | Førstekonsulent Tor Erik Jenstad |
| Det Norske Samlaget | Førsteamamuensis Jan Olav Fretland (nyno.) | Prosjektleiar Kari Bjørke |
| Norsk Mål- dyrkingslag | Konsulent Fridtjov Sørbø (nyno.) | Lektor Kari Lønning Aarø |
| Landslaget for språklig samling | Professor Lars S. Vikør (nyno.) | Professor Rolf Theil Endresen |
| | Førsteamamuensis Arne Torp (bm.) | Stipendiat Ellen Skolseg |
| Norsk Skuespiller- forbund | Skodespelar Arnhibd Litleré (nyno.) | Skodespelar Hallvard Lydvo |
| | Skodespelar Tina Hartvig (bm.) | Skodespelar Janne Langaas |

1.3 STYRE, FAGNEMND, SEKRETARIAT

STYRET I ÅR 2000

Medlemmer

Nynorsk:

Jan Olav Fretland, leiar
Helge Sandøy
Kari Haave

Varamedlemmer

Bjarne Grevsgard
Jan Terje Faarlund
Norunn Askeland

Bokmål:

Ola Haugen, nestleiar
Kjell Ivar Vannebo
Bjørg Gaathaug

Arthur O. Sandved
Jan Svennevig
Aud Greiff

FAGNEMNDA I ÅR 2000

Bokmål:

Kjell Ivar Vannebo, leiar
Brit Mæhlum
Helge Dyvik
Jan Svennevig

Arne Torp
Per Egil Hegge
Tor Guttu
Hanne Ørstavik

Nynorsk:

Helge Sandøy, nestleiar
Jan Terje Faarlund
Oddrun Grønvik
Olav Veka

Johan Myking
Lars S. Vikør
Asgeir Olden
Åsmund Forfang

SEKRETARIATET I ÅR 2000

- Kontorsjefar: Løland, Ståle (bm.)
Skadberg, Kåre (nyno.)
- Rådgivarar: Breivik, Torbjørg (frå 1.6.00)
Dahlø, Ingrid
Grepstad, Jon
Hoel, Jan (frå 1.6.00)
Hovdenak, Marit (90 % stilling)
Leira, Vigleik
- Førstekonsulentar: Gedde-Dahl, Trine
Henriksen, Brynjulf
Knutzen, Pål (40 % stilling frå 20.7.00, 80 % stilling frå 1.10.00)
Nestor, Svein
Norheim, Åsta
Runnestø, Eilov
Simonsen, Dag Finn
Stokkeland, Jostein
- Konsulent: Baltzersen, Bente
- Kontorleiar: Karlsen, Mona (80 %-stilling til 30.6.00)
- Sekretærar: Andresen, Monica Ø. (permisjon i tida 20.3.98–4.6.01)
Klemsdal, Lars Erik
Pejakovic, Barica (til 30.6.00)

1.4 STADNAMNTENESTA

KONSULENTAR:

| | |
|-------------|---|
| Oslo: | Bakken, Kristin (bm.) Helleland, Botolv (nyno.) |
| Bergen: | Johannessen, Ole Jørgen (bm.) Nes, Oddvar (nyno.) |
| Trondheim: | Ellingsve, Eli (bm.) Stemshaug, Ola (nyno.) |
| Tromsø: | Mikkelsen, Eva F. (bm.) Myrvang, Finn (nyno.) |
| Kautokeino: | Andreassen, Irene, finsk (i tida 1.9.99–31.8.00) Gælok, Samuel, lulesamisk Kemi, Kjell (til 31.7.00), nordsamisk Magga, Ole Henrik, sørsamisk Söderholm, Eira, finsk (permisjon i tida 1.9.99–31.8.00) |

SEKRETÆRAR:

| | |
|--------------------|--|
| Rådgivar: | Larsen Terje (frå 1.5.00) |
| Førstekonsulentar: | Heide, Eldar (50 % stilling, permisjon utan løn i tida 14.2.–5.5.00) Helander, Kaisa Rautio Jenstad, Tor Erik (50 % stilling, 100 % stilling i tida 14.2.–5.5.00) Larsen, Terje (i tida 1.1.–30.4.00) Steinbru, Kjell Erik (50 % stilling) |

2 NORMERING

Ei hovudoppgåve for Språkrådet er å syte for tenlege vedtak om rettskriving og praktiske skrивereglar.

2.0 Brev frå Kulturdepartementet

Norsk språkråd behandla på årsmøtet i februar 2000 endringar i rettskrivinga for bokmål og nynorsk. Bokmålsseksjonen gjekk inn for at systemet med hovudformer og sideformer ikkje lenger skulle gjelde i bokmål, og at ein del lite brukte former skulle takast ut av bokmålsrettskrivinga. Nynorskseksjonen vedtok framlegg til omfattande endringar i læreboknormalen og rettskrivinga for nynorsk. Vidare vart det gjort ei rekke vedtak som galdt fellesord for bokmål og nynorsk.

I brev av 5.12.2000 tok Kulturdepartementet stilling til vedtaka Språkrådet hadde gjort. Med nokre få unntak (sjå punkta 2.1.1 og 2.1.2) har departementet førebels ikkje godkjent endringane i bokmåls- og nynorskrettskrivinga.

Departementet har med denne avgjerala ikkje underkjent det arbeidet Språkrådet har gjort, men ønskjer at Språkrådet skal arbeide vidare med saka med sikte på ei fullstendig gjennomgåing av spørsmål som knyter seg til dei vedtaka som vart gjorde på rådsmøtet i 2000. Formålet er å leggje grunnlaget for ein meir stabil rettskrivingssituasjon og å unngå hyppige rettskrivingsendringar i framtida. Det er i samsvar med det Språkrådet ønskjer.

Departementet sluttar seg til framlegget frå Språkrådet om i praksis å avskaffe skiljet mellom hovudformer og sideformer i bokmål. Departementet reiser spørsmålet om ei tilsvarande reform også i nynorsk, og ber Språkrådet om å få dette nærmare utgreidd.

2.1 Rettskrivingsvedtak

(Punkta 2.1.1 og 2.1.2 gjeld dei vedtaka som vart gjorde på rådsmøtet i Norsk språkråd 3.–4.2.2000 , og som vart godkjende av Kulturdepartementet i brev av 5.12.2000.)

2.1.1 Norvagisering

I desse orda blir skrivemåten med **s** jamstilt med den gamle skrivemåten med **c** (eller **sc** eller **k**):

seleber el. *celeber*

selebrere el. *celebrere*

selebritet el. *celebritet*

selle el. *celle*

sellofan el. *cellofan*

sellular el. *cellular*

sellull el. *cellull*

selluloid el. *celluloid*

sellulose el. *cellulose*

sellulær el. *cellulær*

seiloner/seilonar el. *ceyloner/ceylonar*

seilonsk el. *ceylonsk*

sene el. *scene*

senari- el. *scenari-*

seno- el. *sceno-*

sientolog el. *scientolog*

sirka el. *cirka* (forkortinga *ca.* står ved lag som eineform)

sirkum- el. *cirkum-*
siserone el. *cicerone*
syklamat el. *cyklamat*
syklamen el. *cyklamen* (adj. og subst.)
syklotym el. *cyklotym* (adj.)
syklotymi el. *cyklotymi* (subst.)
symbol el. *symbel* el. *cymbal* el. *cymbel*
symbolist el. *cymbalist*

fasinere el. *fascinere*
fasisme el. *fascisme*
fasist el. *fascist*
fasistisk el. *fascistisk*
peis el. *pace*
peiser/peisar el. *pacer*
plasebo el. *placebo*
res el. *race*
reser/resar el. *racer*
sisilianer/sisilianar el. *sicilianer/sicilianar*
spenser- el. *spencer-*
transend- el. *transcend-*

diktum el. *dictum*

Anna vedtak:

gem, gemb, geme el. *game* (før berre *game*, ubøyaleg)

2.1.2 Enkel/dobbel sluttkonsonant

vel (= velforening) får valfri skrivemåte:

vel, velet, vel, vela/velene eller
vell, vellet, vell, vella/vellene (bokmål, som før)
vel, velet, vel, vela [veli] eller
vell, vellet, vell, vella [velli] (nynorsk, før berre *vel*)

Tilsvarande får desse orda utgang på valfri dobbeltkonsonant:

lab(b), lab(b)en osv. (kortord for laboratorium; før: lab eineform)
tab(b), tab(b)en osv. (etikett, merkelapp; før: ikkje normert)
tub(b), tub(b)en (kortord for tuberkulose; før: tub eineform)

bag(g), bag(g)en osv. (før: bag eineform)
gag(g), gag(g)en osv. (komisk innfall/påfunn; før: gag eineform)
peg(g), peg(g)en osv. (i golf; før: ikkje normert)

handikap(p), handikap(p)et osv. (før: handikap eineform)
skip(p), skip(p)en osv. (i curling; før: skip eineform)

hit(t), hit(t)en osv. (før: hit eineform)

hot(t), hot(t)en (musikk; før: hot eineform)
jet(t), jet(t)en (før: jet eineform)
plot(t), plot(t)et (handling, intrige; før: plot)

wap el. *vapp* (type mobiltelefon; før: ikkje normert), *wappe* el. *vappe* (desse to orda er vedtak frå rådsmøtet i 2001; sidan det gjeld tidlegare unormerte ord, treng ikkje vedtaka godkjenning av departementet)
web el. *vebb*, *webbe* el. *vebbe* (begge tydingane, før: web som dataord, webbe som verb i tydinga 'smørje med impregneringsstoff')
wok el. *vokk*, *wokke* el. *vokke* (før: wok som substantiv, verbform ikkje fastsett)

Generelt vedtak:

Verb som er laga av substantiv med valfri enkeltkonsonant/dobbeltkonsonant i utlyd, skal ha obligatorisk dobbeltkonsonant, eksempelvis *handikap(p)* > *handikappe*.

2.2 Forkortingar (vedtak på rådsmøtet i 2001)

Forkortinga for *fylkesveg* er fv. (før: ikkje normert).
Forkortinga for *riksveg* er rv. (før: ikkje normert).

2.3 Transkripsjon av nygresk

Kulturdepartementet har bede Språkrådet om å sjå på retningslinjene for transkripsjon av namn i nygresk i på nytt. Dei vedtaka om endring av stavemåtar som er tekne inn i årsmeldinga for 1998, er dermed ikkje gyldige.

2.4 Oppmoding til aviser, forlag og andre tekstprodusentar

På møtet 2.–3. februar 2000 i Norsk språkråd vart denne fråsegna vedteken:

"Norsk språkråd mener at også mediebedrifter og tekstprodusenter som ikke er pålagt å bruke læreboknormalen eller følge norsk rettskriving, bør føle et ansvar for å respektere den enkelte språkbruken, enten det gjelder bruken av nynorsk eller bokmål, eller bestemte utvalg av former og skrivemåter innafor gjeldende rettskriving. Dette er et rimelig krav til demokratisk innstilte institusjoner, og i samsvar med det norske samfunnets respekt for og toleranse av enkeltmennesket."

Norsk språkråd henstiller derfor til aviser, forlag og andre tekstprodusenter som formidler signerte innlegg og artikler, om at forfatterens egen språkform blir respektert, i alle fall dersom den ikke er i strid med offisiell norsk skriving."

Fråsegna vart kunngjord i ei pressemelding 4.2.00, i Språknytt 1/2000 og i Språkkureren 1/2000. Ho vekte lite interesse i media. Arne Torp hadde eit innlegg i Aftenposten 12.4.00 og fekk svar frå redaktør Per Egil Hegge 15.4.00. Aftenposten nekta å ta inn eit gjensvar frå Torp til Hegge. Elles hadde Helge Omdal artiklar i Stavanger Aftenblad 26.4.00 og Fædrelandsvennen 6.7.00 der han viste til fråsegna.

2.5 Ordtarfanganget i nynorsk

Ordtarfanganget i nynorsk har vore drøfta fleire gonger i Språkrådet dei seinare åra. På rådsmøtet i

februar 1998 vedtok rådet retningslinjer for opptak av tyske og danske importord i nynorske ordbøker og ordlister, jf. Årsmelding 1998 pkt. 6. Retningslinjene står også her i vedlegg 3. I 1999 har bruken av retningslinjene vore prøvd ut av sekretariatet, fagnemnda og styret, jf. Årsmelding 1999 pkt. 6.

Språkrådet har fått éin søknad i 1999 og éin i 2000 om å få godteke ord i nynorske ordlister. Begge søknadene er ferdigbehandla i 2000. Det vart søkt om ikring 600 ord, og av dei vart om lag halvparten godtekne, jf. vedlegg 4. I svarbreva vart det kommentert korleis orda er vurderte og retningslinjene tolka.

Det eine svarbrevet og vurderinga av orda i begge søknadene har lege på nettsidene sidan juli 2000.

Landsmøtet i Noregs Mållag 28.–30.7.2000 vedtok mot éi røyst ei fråsegn med sterk kritikk mot måten Språkrådet hadde tolka retningslinjene på, og kravde at orda vart vurderte på nytt.

Voss Mållag viste i eit brev av 16.9.2000 til godkjenninga av orda. Mållaget meinte at retningslinjene var tolka og praktiserte på ein uheldig måte, og bad Språkrådet trekkje attende godkjenningbrevet. Styret i Språkrådet drøfta brevet på møtet 25.9.00, og avviste å trekke godkjenninga for desse orda attende. Voss Mållag fekk svar med grunngiving i brev av 20.10.2000.

2.6 Retningslinjer i uttalespørsmål

Fagnemnda vedtok på møtet 22.11.2000 eit framlegg til retningslinjer til bruk for sekretariatet i rådgiving ved uttalespørsmål. På rådsmøtet 1.–2.2001 vart framlegget vedteke med nokre mindre justeringar.

Eit framlegg om å ta inn eit punkt om uttalen av *kj*- og *sj*-lydane vart sendt over til fagnemnda. Dei endelige retningslinjene vil bli behandla på rådsmøtet i 2002 og tekne inn i årsmeldinga for 2001.

2.7 Tiltrådingar

2.7.1 Preposisjonsbruk

Språkrådet får ofte spørsmål om preposisjonsbruk, og det har lenge vore planar om å lage ei praktisk rettleiing for språkbrukarane som gjeld dette feltet. Sekretariatet har i 2000 arbeidd med ei slik rettleiing, og målet er å leggje ho ut på nettsidene i 2001. Seinare kan det bli aktuelt å gi ut ein papirversjon (hefte eller bok) av rettleiinga.

2.7.2 Nemningar for gradar i norsk høgare utdanning

Utdanninga på høgskule- og universitetsnivå er for tida under vurdering. Det kan kome på tale å skifte ut dei tradisjonelle nemningane *cand.mag.* og *cand.philol.*, *cand.jur.* osv. med andre.

På førespurnad frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har Språkrådet tilrådd nemningane *kandidat* (*høgskulekandidat*, *universitetskandidat*) for den lågare graden og *magister* for den høgare graden.

2.7.3 Nemningar for nettfirma

Språkrådet tilrår at slike firma/selskap som ofte blir omtala som *dotcom-firma* eller *dotcom-selskap*, blir kalla *nettirma* eller *nettselskap*. Dersom det er naudsynt å spesifisere nettselskap etter sluttdomenet i Internett-adressa, kan ein t.d. skrive *com-firma*, *no-firma* og *se-firma*.

3 NAMNESAKER OG TERMINOLOGI

Eitt av arbeidsområda for Språkrådet er å fastsetje skrivemåtar av namn av ymse slag og å utvikle norske termar, særleg med tanke på allmennspråket.

3.1 Namn på olje- og gassfelt

Språkrådet har i 2000 ikkje fått førespurnad frå Oljedirektoratet om nye namn på olje- og gassfelt.

3.2 Ordbok for fysikk og kjemi til skolebruk

Ordboka vart utgitt som skrift nr. 7 i serien Norsk språkråds skrifter. Ho inneheld eit utval av termar frå fysikk- og kjemifaget i grunnskulen og den vidaregåande skulen og har oppslagsord på både bokmål og nynorsk. Fysikktermane har forklaring på nynorsk, kjemitermane på bokmål. Ordboka har også nokre tillegg, blant anna om storleikar og einingar og namnsetjing på kjemiske sambindingar. Ordboka tek i første rekke sikte på å gi rettleiing til lærebokforfattarar og -konsulentar, men ho vil òg vere nyttig som oppslagsbok for lærarar og interesserte elevar.

3.3 Grammatisk terminologi

Med bakgrunn i at den store nye grammatikken *Norsk referansegrammatikk* (Universitetsforlaget 1997) har ein nemningsbruk som til dels vik av ganske sterkt frå termbruken til no, vart det i 1998 sett ned ein komité som skulle vurdere grammatiske termar til bruk i godkjenningspliktige lærebøker.

Komiteen, som bestod av Jan Terje Faarlund, Lars Anders Kuldbrandstad, Vigleik Leira og Kari H. Størerdal, kom med si innstilling i desember i 1998. Tilrådingane følgde langt på veg *Norsk referansegrammatikk*.

Fagnemnda drøfta komitéinnstillinga 20.1.2000. På nokre punkt kom fagnemnda med andre tilrådingar.

På møtet 15.3.2000 vedtok styret å sende fagnemndvedtaka over til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartemenet og å rá departementet til ”å ta initiativ til at desse termane blir innførte i undervisninga og i lærebøkene i grunnskulen og den vidaregåande skulen”.

Brevet til departementet gjekk 5.4.2000. I svar av 25.5.2000 frå departementet heiter det:

”Departementet vil følge opp anbefalingen fra Norsk Språkråd, men dette er en omfattende sak som vil berøre mange fag på ulike utdanningsnivåer. Vi vil i første omgang drøfte videre saksgang, og hvilke instanser som skal tas med på råd når vi skal vurdere en eventuell innføring av nye grammatiske termer. Vi må derfor regne med at saken vil ta noe tid.”

4 SPRÅKVERN

Språkrådet arbeider med tiltak for å hindre at norsk språk – bokmål og nynorsk – blir tilsidesett som

bruksspråk og fagspråk på viktige samfunnsområde.

4.1 Plan for språkstyrkingsarbeidet

Språkrådet har i mange år arbeidd for å styrke bruk av norsk språk i Noreg. I St.meld. nr. 13 (1997–98) er det sagt at rådet ”bør oppgraderast til å kunne vere eit statleg instrument for eit langsiktig og effektivt språkvernarbeid”, og langtidsplanen for perioden 2001–2003 slår fast at verksemdsområdet *språkvern* no skal prioriterast endå høgare enn før.

I langtidsplanen heiter det òg at språkvernarbeidet skal drivast etter ein plan. Ei arbeidsgruppe i Språkrådet har i 2000 laga ein plan for denne arbeidsteigen, som rådet skal følgje frå 2001 av.

4.2 Norskspråklege lærebøker ved universitet og høgskular

Ståle Løland representerer Språkrådet i ei arbeidsgruppe nedsett av Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening som skal kartlegge behovet for meir norskspråkleg pensumlitteratur for universitet og høgskular. Etter initiativ frå arbeidsgruppa og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har Norsk institutt for studier av forskning og utdanning utarbeidd ein førebels rapport: ”Norskspråklege lærebøker i høyere utdanning. Delrapport 1. Kartlegging av pensumlitteratur” (NIFU, august 2000). Steg 2 i prosjektet har arbeidstittelen ”Språk på pensum. Hva skjer og på hvilket grunnlag?”, og det vil byggje på intervju med informantar på universitet, høgskular og forlagsbransjen. Meininga er at prosjektet skal danne grunnlag for konkrete tiltak på området.

4.3 Diplom for godt namnevett

I 2000 var det to diplomutdelingar, éi i Bodø for Nordland fylke og éi i Tønsberg for Vestfold fylke. Nokre av diplomvinnarane i år var: ”Bakehuset – En smule bedre”, bakeri i Bodø, ”Lyd på hjul”, bilstereo butikk i Bodø, ”7. himmel”, kroppspleiefirma i Bodø; ”Hit og Dit”, budfirma i Larvik, ”Midt i blinken”, klesforretning i Tønsberg, ”Kan Kam”, frisør på Svarstad, ”Alt i ett”, reklamefirma i Tønsberg, ”Tekstflyt”, bokproduksjonsfirma i Larvik, ”Spisekroken”, restaurant i Horten.

Bente Baltzersen har stått for arbeidet med diplomutdelingane. Pressa var til stades ved begge utdelingane. Bjørg Gaathaug var med på utdelinga i Bodø og Norunn Askeland ved utdelinga i Tønsberg.

4.4 Avløysarord

Det å finne fram til og spreie avløysarord for engelske ord har vore eit viktig arbeidsfelt for Språkrådet i år 2000. Som eit tiltak i dette arbeidet sette sekretariatet i gang Ordsmia. Ordsmia har fleire element: eit e-postforum for interesserte deltakarar, lenkjer til artiklar om korleis ein kan lage avløysarord, og ei open nettside med avløysarord som Språkrådet går inn for. Arbeidet kom i gang i mars 2000. Ved årsskiftet var det 164 påmelde deltakarar i Ordsmia, og det hadde kome i alt 1096 innlegg.

I sekretariatet er det ei redaksjonsgruppe som følgjer med i innlegga som kjem, og kommenterer om det trengst, legg ut engelske problemord og oppsummerer debattane. Når det ligg til rette for at ein

bør fornorske skrivemåten (norvagisere) heller enn å bruke avløysarord, legg redaksjonen saka fram for fagnemnda.

Redaksjonen byggjer opp ein database med avløysarorda i Ordsmia og frå andre kjelder. I november 2000 vart det lagt ut på nettsidene vår ei liste på om lag 220 engelske ord med norske avløysarord.

5 NORSK SPRÅK OG IKT

Språkrådet skal fremje tiltak for å ta vare på norsk språk – bokmål og nynorsk – i informasjons- og kommunikasjonsteknologi.

Som oppfølging av St.meld. nr. 13 (1997–98) fekk Språkrådet 1 million kroner over statsbudsjettet for 2000 til det som i mange offentleg dokument er omtala som eit sekretariat for norsk språk og språkteknnologi. To stillingar vart utlyste i byrjinga av året, og personane vart tilsette frå 1. juni. Mange oppgåver har vore tiltenkte desse stillingane, og i St.prp. nr. 1 (1999–2000) står det mellom anna:

”Sekretariatet skal være et administrativt knutepunkt for norsk språk og IKT, og samarbeide med relevante kultur- og forskningsmiljøer, samt IT-næringen. Senteret skal være et nasjonalt knutepunkt for samarbeid på europeisk basis, bl.a. gjennom EUs programmer. [...] Målet er at sekretariatet skal bli et faglig-administrativt knutepunkt for norsk språk og IKT.”

Dei nye medarbeidarane har brukta den første tida til å etablere kontakt med aktuelle miljø ved å vitja dei og skaffe seg informasjon og oversikt. Den viktigaste oppgåva hausten 2000 var arbeidet med ”Handlingsplan for norsk språk og IKT”. Denne planen er ein del av Nærings- og handelsdepartementet sin eNorge-plan (jf. pkt. 1.8), og i brevet frå Kulturdepartementet til Norsk språkråd der oppdraget å lage handlingsplanen vart gitt, heiter det mellom anna: ”Det skal i løpet av 2000 i regi av Norsk språkråd utarbeides en språkpolitisk handlingsplan for norsk språk og IKT, som grunnlag for en samordnet utvikling av programvare, informasjonssystemer og språkteknnologiske verktøy på norsk, både bokmål og nynorsk.”

Arbeidet med handlingsplanen kom i gang på hausten, og vart diskutert på eit eige seminar på styremøtet i september. Emne for diskusjonen var innhaldet i planen, arbeidsmåten og omfanget. Ei årsak til at diskusjonen også omfatta arbeidsmåte og omfang, var at kapasiteten på arbeidsområdet vart halvert grunna langtidssjukemelding. For ikkje å seinke arbeidet med handlingsplanen vart det oppnemnt ei referansegruppe for å hjelpe til i arbeidet:

professor Torbjørn Svendsen, Institutt for teleteknikk, NTNU
dagleg leiar Pål Steigan, artemisia
konsulent Fredrik Syversen, IKT-Norge
forskar Geir Strand, Vestlandsforskning
rådgivar Torbjørg Breivik, Norsk språkråd

Målet var at gruppa til saman kunne representera og trekkje med seg sentrale aktørar i forsking og privat næringsverksemrd. I tillegg vart andre adekvate institusjonar og organ kontakta og bedne om innspel på utvalde delar. Handlingsplanen skal ifølgje framdriftsplanen vere ferdig tidleg på nyåret

år 2001. Prosjektet Norsk språkbank, eit nasjonalt korpus for språkteknologi, står sentralt i arbeidet med handlingsplanen. Det same gjer programvare på nynorsk. Når det gjeld omtalen av nynorsk programvare, støttar planen seg på utgreiinga om nynorsk programvare frå Språkrådet (sjå pkt. 7.2).

Rådet for teknisk terminologi tok våren 2000 initiativ til å etablere ei gruppe som skal arbeide med standardisering av norsk dataterminologi. Gruppa er sett saman av representantar for privat og offentleg verksemd som steller med IKT-relaterte oppgåver (omsetjing, standardisering, terminologi generelt og grenselandet mellom IKT og språk). Rådgivar Torbjørg Breivik representerer Norsk språkråd i denne gruppa.

6 LÆREBOKGRANSKING

Eit av hovudmåla for verksemda åt Norsk språkråd er at Språkrådet ”skal medverke til å forbetre og sikre kvaliteten på språk og språkføring i lærebøker og læremiddel”.

6.1 Kontroll av språket i lærebøker

I og med at godkenningsordninga for lærebøker fall bort frå sommaren 2000 (jf. pkt. 6.2), mista Norsk språkråd ei av sine viktigaste arbeidsoppgåver: kontroll av språket i godkenningspliktige lærebøker. Språkrådet har tilbode forlaga ei frivillig kvalitetssikring av språket i lærebøker frå og med 2001 (jf. pkt. 6.3).

Arbeidet med gransking av språket i lærebøker heldt fram i første halvår etter same mønster som i tidlegare år. Omfanget av innsende manus var stort i denne perioden. Også etter at godkenningsordninga var bortfallen, fekk vi inn ein del manus til kontroll. Det galdt nytt gjennomsyn av bøker som tidlegare ikkje hadde vorte godkjende, og nynorskversjonar av bøker som før var godkjende på bokmål.

Kvaliteten på dei innsende manusa varierte som før sterkt. Dei hadde ofte mange språkfeil og var prega av hastverksarbeid og språkslurv.

Også for dette året søkte vi Nasjonalt læremiddelsenter om midlar til ekstrahjelp til granskinga, men søknaden vart denne gongen avslått. For at arbeidet skulle kunne gjennomførast, vart cand.philol. Jan Tislevoll tilsett som førstekonsulent i 8 månader.

I 2000 kom det inn til språkleg gransking 225 lærebøker, 92 på bokmål, 94 på nynorsk og 39 fellesutgåver. (I 1999 kom det inn 485 lærebøker, 207 på bokmål, 204 på nynorsk og 74 fellesutgåver.)

Éi ordliste (nynorsk) var inne til språkleg godkjenning i 2000.

6.2 Bortfall av godkenningsordninga

I Ot.prp. nr. 44 (1999–2000) *Om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) m.m.* gjorde regjeringa framlegg om at godkenningsordninga for lærebøker skulle falle bort. I juni 2000 vart dette vedteke av Stortinget og fekk verknad med det same.

Språkrådet gjekk i høyringsfråsegna si av 17.2.00 sterkt inn for å halde ved lag den språklege delen av godkenningsordninga, men vann ikkje fram med det synet. Kyrkje-, utdannings- og

forskningsdepartementet meinte at den språklege kvaliteten i lærebøkene vart tilstrekkeleg sikra gjennom føresegna om at lærebøkene skal følgje læreboknormalen.

I punkt 4.1.2 i odelstingsproposisjonen heiter det: ”Høg kvalitet er ein av dei viktigaste konkurranseparametrane i lærebokmarknaden. Lærebøker som ikkje har høg kvalitet i forhold til dei mål og prinsipp som ligg til grunn i læreplanverka, vil få problem med å bli selde. Det same gjeld lærebøker som ikkje held tilstrekkeleg språkleg kvalitet. I denne samanhengen kan mellom andre Norsk språkråd vere ein viktig ressurs for forlaga.”

Og til slutt i kapittel 4.1.4 ”Vurdering og framlegg frå departementet” heiter det: ”Departementet vil i samarbeid med Kulturdepartementet følgje opp spørsmålet om å sikre den språklege kvaliteten i lærebøkene.”

I høyningsfråsega av 17.2.00 gjekk Språkrådet inn for å halde oppe godkjenningsordninga for ordlister jamvel om godkjenninga for lærebøker skulle falle bort. Sidan spørsmålet om ordlister ikkje var nemnt av departementet – korkje i høyningsframleggelsen eller i Ot.prp. nr. 44 – tok Norsk språkråd denne saka opp direkte med kyrkje-, utdannings- og forskings-komiteen i Stortinget i brev av 2.6.00.

På grunnlag av dette fremja stortingskomiteen framlegg om eit nytt ledd i § 9 i lova: ”Ordlistar til skolebruk skal godkjennast av Norsk språkråd.” Dette vart vedteke.

6.3 Tilbod om kvalitetssikring av språket i lærebøker

I juni 2000 vedtok Stortinget å avskaffe godkjenningsordninga for lærebøker (med unnatak av ordlister). I den strategiske planen for Språkrådet for 2000–2003 heiter det: ”Dersom godkjenningskravet til lærebøker fell bort, vil Språkrådet som eit alternativ tilby forlaga ein frivillig kontrollfunksjon, og elles halde seg orientert om den språklege standarden i dei læremidla som blir utgitt, og ta initiativ til å forbetra lærebokspråket dersom det er nødvendig.”

Styret sette 31.5. ned ei arbeidsgruppe for å utarbeide planar for eit tilbod om ein slik frivillig kvalitetsskontroll. Med i arbeidsgruppa var Ola Haugen, Norunn Askeland, Ingrid Dahlø og Kåre Skadberg.

På grunnlag av framlegg frå arbeidsgruppa vedtok styret 30.11.:

- 1 Språkrådet tilbyr skulebokforlaga ein frivillig kvalitetsskontroll basert på stikkprøver av manusa.
- 2 Granskinga skal gå føre etter same mønster som før.
- 3 Granskinga skal gjerast av tilsette i sekretariatet, eventuelt med hjelp av kompetente eksterne konsulentar. Språkrådet set av inntil to årsverk, delvis eksternfinansierte, til oppgåva.
- 4 Kvalitetsskontrollen skal vere ei betalingsordning der forlaga betaler for kvart behandla manus etter faste satsar.
- 5 Ordninga bør koma i gang frå årsskiftet og er ei prøveordning for 2001.
- 6 Uavhengig av ein slik kvalitetsskontroll må Språkrådet gjennomføre stikkprøvekontroll av utgitte lærebøker som ikkje har vore sende til Språkrådet; særleg viktig er det å sjå norskbøker. Dersom denne kontrollen viser at det er mange feil og därleg språk i bøkene, må ein ta saka opp med forlaga, eventuelt med KUF.

I brev av 14.12.00 fekk forlaga tilbod om ei kvalitetssikringsordning etter retningslinjene ovanfor.

7 SPRÅKLEG JAMSTILLING

Norsk språkråd skal føre tilsyn med gjennomføringa av reglane i mållova når det gjeld statsorgan under departementsnivå, og skal medverke til å sikre språkleg jamstilling i grunnskulen og vidaregåande opplæring.

7.1 Lov om målbruk i offentleg teneste

Lov om målbruk i offentleg teneste regulerer bruken av bokmål og nynorsk i staten.

Fra 1994 har Norsk språkråd i oppgåve å føre tilsyn med gjennomføringa av mållova når det gjeld statsorgan under departementsnivå. Tilsynsarbeidet viste tidleg at det skjer omfattande brot på lova. I 1999 sette derfor Språkrådet i gang eit eige prosjekt med siktet på at dei fleste statsorgan som har heile landet som tenestekrins, skal oppfylle krava i mållova innan utgangen av år 2002.

Arbeidet har fra 1994 fokusert på vekslingsregelen i mållova § 8 første ledd første og andre punktum, jamfør forskriftene § 6, som krev at statsorgan med heile landet som tenestekrins i ”rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang o.l.” skal veksle mellom målformene slik at ingen av dei er representert med mindre enn 25 prosent. Vidare har arbeidet vore konsentrert om skjemaregelen i § 8 fjerde ledd, som krev at skjema skal liggje føre og vere tilgjengelege i begge målformer.

I analysen som ligg til grunn for mållovsprosjektet, blir det peika på fire vilkår som må oppfyllast for at mållova skal bli etterlevd: (1) statsorgana må etablere enkle og konkrete rutinar for oppfølginga av lova, (2) nynorskkompetansen i statsorgana må betrast, (3) leiinga i statsorgana må ta ansvar, (4) det trengst sanksjonsrådgjerder.

Arbeidet i prosjektet har til no særleg vore konsentrert om etablering av rutinar for veksling mellom bokmål og nynorsk i statsorgana.

Om lag 200 statsorgan med heile landet som tenestekrins fekk 3. juni 1999 tilsendt rapportskjema for året 1999 med svarfrist 31. januar 2000. Skjemaa låg også føre som rekneark i Excel-format.

171 statsorgan leverte rapport. 42 av statsorgana hadde 25 prosent nynorsk eller meir i tilfang på 1–10 sider. 55 statsorgan hadde 20 prosent nynorsk eller meir, og 75 statsorgan hadde 10 prosent eller meir nynorsk i denne kategorien. To statsorgan hadde mindre enn 25 prosent bokmål.

23 statsorgan hadde 25 prosent nynorsk eller meir i tilfang på over 10 sider. 24 statsorgan hadde 20 prosent eller meir, og 49 statsorgan hadde 10 prosent eller meir nynorsk i denne kategorien. To statsorgan hadde mindre enn 25 prosent bokmål.

Til samanlikning leverte 98 av ca. 190 statsorgan rapport for 1998. 30 hadde meir enn 25 prosent nynorsk i tilfang på 1–10 sider, 40 organ hadde 20 prosent eller meir, og 56 organ hadde 10 prosent eller meir. Når det gjeld tilfang på over 10 sider, hadde 15 statsorgan 25 prosent nynorsk eller meir i 1998, 23 hadde 20 prosent eller meir, og 35 prosent hadde 10 prosent eller meir.

I 1996 hadde 21 statsorgan 25 prosent nynorsk eller meir i tilfang på 1–10 sider. 12 statsorgan hadde 25 prosent nynorsk eller meir i tilfang på over 10 sider. 155 statsorgan leverte rapport. Enkelt sagt er det om lag dobbelt så mange statsorgan som oppfyller 25-prosentkravet i dag som i 1996.

7.2 Nynorsk programvare

Norsk språkråd sette i 1999 i gang ei utgreiing med sikte på å fremje vanlege brukarprogram på nynorsk – dvs. program der grensesnitt, hjelpefiler og meldingar er på nynorsk. Utgreiinga omfattar fire spørsmål:

- (1) Kva inneber det reint teknisk å lokalisere eit dataprogram?
- (2) Om lag kor mykje kostar det?
- (3) Kor stor er marknaden for nynorsk programvare (offentleg og privat sektor)?
- (4) Kva verkemiddel kan staten ta i bruk for å sikre at vanlege brukarprogram ligg føre på begge målformer?

Del 1 og 2 er på det nærmeste ferdig, og det er gjort ein del arbeid med del 3 og 4.

7.3 Sidemålet i vidaregåande opplæring

Byrådet i Oslo la i byrådssak 205/00, 7.8.00, fram tilråding til bystyret om at Oslo kommune skulle søkje Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet om at det vart sett i verk forsøk med valfri skriftleg sidemålsundervisning i den vidaregåande skulen. Bystyret vedtok seinare på hausten eit framlegg frå bystyregruppa i Arbeidarpartiet om at ein skulle søkje departementet om ei slik forsøksverksemd ved om lag halvparten av dei vidaregåande skulane i byen.

Norsk språkråd tok opp saka i eit brev til statsråd Trond Giske 13.9.00. I brevet peiker vi på at forsøk med valfri skriftleg sidemålsopplæring vil vere eit brot med norsk språkpolitikk sidan 1885 og med intensjonane i dei nye læreplanane for vidaregåande opplæring og grunnskulen. Vi peiker òg på at vi i lang tid har registrert manglande kompetanse i nynorsk i samfunnet, t.d. at statsinstitusjonar har problem med å etterleve lov om målbruk i offentleg teneste på grunn av mangelfull nynorskkunnskap. Språkrådet innser at sidemålsundervisninga ikkje alltid er god nok – dels på grunn av for dårleg lærarkompetanse og negative lærarhaldningar og dels på grunn av ineffektive undervisningsmetodar – og imøteser med glede fagleg baserte forsøksordningar. Norsk språkråd ber departementet

- ”1 ta initiativ til forsøk med alternative former for undervisning med sikte på at elevene bedrer sin skrivekompetanse både i sidemål og hovedmål, og med sikte på å skape bedre forståelse for den norske språksituasjonen
- 2 ta initiativ til tiltak for å bedre lærernes kompetanse, særleg når det gjelder undervisning i nynorsk sidemål
- 3 avvise forsøk som innebærer valgfri skriftlig opplæring i sidemålet”

Norsk språkråd tilbyr seg òg å gjere nærmare greie for synet sitt i eit møte med departementet.

8 STADNAMNTENESTA

Norsk språkråd – ved namnekonsulentane – skal medverke til at stadnamn får ein skrivemåte som tek vare på språkfaglege, nasjonale og lokale omsyn, arbeide med å forbetre prinsippa for namnsetjing og informere om stadnamnlova, stadnamn og stadnamnbruk.

8.1 Arbeidsoppgåver

Stadnamntenesta har gitt tilråding om skrivemåten av ikring 12 000 stadnamn i 2000. Dette er om

lag 2000 fleire enn i 1999. Statens kartverk har vore den største oppdragsgivaren.

Pr. 1.1.2000 var det 5300 restansesaker for Statens kartverk. 2400 saker vart ferdigbehandla i 2000, slik at det pr. 1.1.2001 står att 2900 saker. I tillegg kjem ein del saker for andre enn Statens kartverk. Det reelle talet for restansesaker er truleg ikring 3000.

Behandlingstida for saker som gjeld fastsetjing av skrivemåte etter reglane i lov om stadnamn, er avhengig av saksomfanget.

Andre saker (t.d. telefonspørsmål, e-postspørsmål) blir som regel svara på straks eller i løpet av eit døgn.

8.2 Møte og konferansar

17.–28.1.00: Den 20. sesjonen i UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names), New York: Botolv Helleland (heldt innlegg om arbeid med stadnamnnormering i Noreg

10.3.00: Møte om stadnamnlova og normering av stadnamn, Batnfjordsøra: Tor Erik Jenstad

11.–12.5.00: Den 9. nasjonale konferansen i namnegranskning, Oslo: Botolv Helleland, Kristin Bakken, Terje Larsen, Ole-Jørgen Johannessen og Ola Stemshaug. Bakken, Larsen, Johannessen og Stemshaug heldt foredrag. Foredraga skal trykkjast i ein konferanserapport

19.6.00: Møte i Eiker Historielag om innsamling av stadnamn og normering av stadnamn: Terje Larsen

28.7.00: Konferansen Pilgimage 2000, Crok, Irland: Eli Ellingsve (heldt foredrag om pilegrimar og pilegrimsnamn)

14.–18.8.00: Den 29. internasjonale kartografiske kongressen, Seoul: Botolv Helleland (heldt foredrag om namn på oljefelt samanlikna med tradisjonelle stadnamn)

23.9.00: Møte i Ålesund arrangert av fylkesbiblioteket: Oddvar Nes (heldt foredrag om arbeidet til namnekonsulentane)

5.10.00: Møte i Skånland arrangert av Samisk kulturminneråd: Kaisa Rautio Helander (heldt to foredrag: Kvifor samiske stadnamn? og Samiske gardsnamn i Sør-Troms og Nordre Nordland

13.–14.10.00: Konferanse i Gratangen om samiske stadnamn og dei samiskspråklege særtrekka i Ofoten, Sør-Troms og Jukkarjärvi: Kaisa Rautio Helander (heldt foredrag om stadnamnlova og skrivemåten av lokale samiske stadnamn)

25.10.–27.10: Fellesmøte for stadnamntenesta og Kartverket i Molde: Irene Andreassen, Kristin Bakken, Eli Ellingsve, Peter Hallaråker, Eldar Heide, Kaisa Rautio Helander, Botolv Helleland, Tor Erik Jenstad, Ole-Jørgen Johannessen, Terje Larsen, Eva Forsaa Mikkelsen, Oddvar Nes, Tom Schmidt, Kåre Skadberg, Kjell Erik Steinbru, Ola Stemshaug

7.–8.12.00: Møte i Den nordiske divisjonen av UNGEGN, Helsingfors: Botolv Helleland

8.3 Opplysningsverksemد

Undervisning, rettleiing

Kaisa Rautio Helander har undervist 2 timer om samiske stadnamn for studentar ved Samisk folkehøgskole, Enare, Finland, 8 timer om innsamling av samiske stadnamn for bibliotekprosjektet, Tysfjord, 4 timer om stadnamnlova og skrivemåten av samiske stadnamn i tospråklege kommunar i Troms og Finnmark, Nesseby. Ho har rettleidd to grunnfagsstudentar ved Samisk høgskole, Kautokeino og fire elevar ved Samisk videregående skole, Kautokeino

Eli Ellingsve har halde to innlegg på instituttseminar om forholdet mellom namneplanlegging og språkplanlegging på Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, NTNU, og om kart som kjelde i namnforskinga

Anna opplysningsverksemrd, publisering

Kristin Bakken: åtte innslag om stadnamn i Språkteigen, NRK

Eli Ellingsve: intervju i bok om sportsfiske om stadnamn som fortel om fiske i ferskvatn

Eli Ellingsve: innlegg i *Adresseavisen* om pilegrimar og pilegrimsnamn 15.800

Eli Ellingsve: "Pilegrimsvandring i vår tid – langs led eller lei?" I *Språknytt* 4/2000

Kaisa Rautio Helander: "Samiske navn som eksonymer og endonymer". I NORNA-rapporter 68 *Utanlandske namn i Norden*

Kaisa Rautio Helander: to program om samiske stadnamn i Sámi radio

Kaisa Rautio Helander: utstilling om bruken av samiske stadnamn i samband med kvinnedagsarrangementet i Kautokeino

Botolv Helleland: Hovudredaktør for *Nytt om namn* nr. 31 (2000) og 32 (2000)

Botolv Helleland: "Namnekonsulentane og nynorsk", innlegg i debattspalta i *Aftenposten aften* juni 2000

Botolv Helleland: Redaktør saman med Leif Nilsson for *Utanlandske namn i Norden. Rapport frå NORNA-s tjuersjette symposium i Oslo 28.–30. mai 1997*. Utgitt i samarbeid med Nordisk språkråd, Uppsala 1999 (trykt 2000)

Botolv Helleland: "Utanlandske namn – eit vidt forskingsfelt" (i rapporten ovanfor)

Tor Erik Jenstad: "Namnemordet på Kvenna." I *Tidens Krav* 5.8.00

Tor Erik Jenstad: "Tradisjonelle bygdelagsnamn." I *Tidens Krav* 4.11.00

Anna

Stadnamntenesta for Midt-Noreg har utarbeidd eiga nettside med informasjon. Det er peikar frå sidene til Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap ved NTNU.

8.4 Klagenemnda for stadnamnsaker

Klagenemnda har hatt tre møte i 2000.

9 FORSKINGS- OG UTVIKLINGSARBEID

Språkrådet skal "følge utviklingen av norsk skriftspråk og talespråk" og halde seg orientert om

forsking som gjeld språk og språkutvikling.

9.1 Arbeid med nyord

Innsamlinga av nyord har halde fram. Somme ord har vorte publiserte i nyordsspalta i *Språknytt*.

Arbeidet med nyordsboka *Nyord i norsk 1976–1999* har også halde fram i 2000. Manuscriptet er no kome eit stykke ut i bokstaven M og utgjer så langt ca. 280 A4-sider med 14 punkts skrift. Tor Guttu ved Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap ved Universitetet i Oslo står for arbeidet.

10 ANNA VERKSEMD

10.1 Nordisk og internasjonalt samarbeid

Språknemndene i Norden rådfører seg med kvarandre og utvekslar møtereferat, skrifter og anna tilfang som kan vere av interesse. Ein stor del av dette arbeidet går føre seg gjennom Nordisk språkråd (sjå årsskriftet *Språk i Norden*). Helge Sandøy er leiar for prosjektet ”Moderne importord i språka i Norden”, som blir koordinert og delvis finansiert av Nordisk språkråd. Prosjektet skal granske omfanget av importord, avløysarord, nasjonaliserte importord, den offisielle normeringa og holdninga til importord og avløysarord. Ståle Løland sit i redaksjonsgruppa for *Skandinavisk ordbok*, som Nordisk språkråd gir ut. Ei ny utgåve av ordboka skal etter planen kome i 2001.

Det 47. nordiske språkmøtet vart halde i Nuuk, Grønland, i dagane 24.–25.8.00 med Oqaasiliortut (Grønlands Sprognævn) og Nordisk språkråd som arrangørar. Hovudtemaet for møtet var språkleg standardisering. Kjell Ivar Vannebo heldt eit innlegg med tittelen ”Om begrepene språklig standard og språklig standardisering”. Dei fleste innlegga frå møtet vil bli publiserte i *Språk i Norden*.

Gjennom Nordisk språkråd har Norsk språkråd kontakt med bl.a. Nederlandse Taalunie, som har teke initiativ til eit betre europeisk språksamarbeid.

10.2 Statens fellesblankettutval

Statens fellesblankettutval skal syte for at det finst gode og tenlege fellesblankettar i statsadminstrasjonen. Utvalet har fem medlemmer og er oppnemnt av Arbeids- og administrasjonsdepartementet. Representant for Norsk språkråd og utvalsleiar er Jostein Stokkeland.

Fellesblankettar kan hentast elektronisk på adressa <http://blanketter.ft.dep.no>. I alt finst det ca. 100 fellesblankettar på bokmål og nynorsk. I tillegg er det blankettar på samisk, arabisk, engelsk, tysk, fransk, spansk og nokre andre språk. At blankettane no for det meste finst elektronisk, gjer det lettare for alle å få tak i blankettar på det språket dei skal bruke.

Dessverre står det att nokre bokmålsord og -setningar i somme nynorskblankettar, og utvalet arbeider no med å få bort alle slike feil og få til likeverdig inngang til blankettssidene for nynorskbrukarane.

10.3 Norsk språkpriis

På rådsmøtet 2.2.01 fekk Arild Stubhaug Norsk språkpriis for 2001 for bøkene *Et foranskutt lyn Niels Henrik Abel og hans tid* (1996) og *Det var mine tankers djervhet Matematikeren Sophus Lie* (2000). Prisen blir gitt for framifrå bruk av norsk sakprosa og er på 50 000 kroner. I tillegg får vinnaren eit diplom.

Av økonomiske grunnar vart det ikkje delt ut nokon pris for 2000, men kandidatane som var foreslått, vart vurderte saman med framlegga til prisvinnar for 2001. Medlemmer av komiteen som vurderte framlegga til priskandidatar, var Åse Lilleskare Faugstad, Olav Væhle Hauge, Per Egil Hegge (leiar) og Hanne Ørstavik.

Styret har bede om ei utgreiing som går inn på alle sider ved prisen, også kva eventuelle endringar får å seie for statuttane.

11 RÅDGIVING OG INFORMASJON

Språkrådet gir råd om norsk språk til alle som vender seg til rådet, og går elles ut med rådgivingstilbod og informasjon til grupper det kan vere ønskjeleg å vende seg til.

11.1 Rådgiving

Språkrådet får mange spørsmål om språkbruk over telefon, telefaks og e-post og i brev. Særleg har e-postrådgivinga vorte ein viktig del av tenestetilbodet frå Språkrådet.

Ei evaluering av denne tenesta viste at i dei tre første månadene i 2000 galdt 36 % av e-postspørsmåla ortografi, korleis ord, framande og heimlege, skal skrivast og forståast. 17,4 % tek opp tekniske skrivereglar, store eller små bokstavar, forkortingar, namn på private og offentlege institusjonar og datoopplysningar. Fleire og fleire skulelevar kontaktar Språkrådet for å få hjelp til stoff til oppgåver.

Språkrådet svara på om lag 2200 e-postspørsmål i 2000.

11.2 Informasjon

11.2.1 Papirpublikasjoner

Språknytt kom i 2000 med fire nummer, av dei eitt dobbelnummer. Redaktør for *Språknytt* 1–2/2000 var Jan Terje Faarlund og Dag Gundersen, redaksjonssekretær var Svein Nestor. Deretter tok Helge Sandøy og Kjell Ivar Vannebo over som redaktørar, og Åsta Norheim som redaksjonssekretær. Opplaget har vore 25 500.

Statsspråk – bladet for godt språk i staten kom i 2000 med eitt nummer. Redaktør har vore Jostein Stokkeland. Opplaget var 18 000.

Språkkureren – bladet for godt mediespråk kom i 2000 med eitt nummer. Redaktør var Dag Finn Simonsen. Opplaget var 5 500.

I serien *Norsk språkråds skrifter* kom skrift nr. 7, *Ordbok for fysikk og kjemi til skolebruk*. Boka er forfatta av Bjørn Ebbe Lian, Kjell Reistad, Otto Øgrim og Ingrid Dahlø. Opplaget er 1500.

11.2.2 Nettsider

Mellom anna desse dokumenta vart lagde ut i 2000:

Språkkupongen (interaktiv språktest kvar månad)

Årsmøtestoff og rettskrivingsvedtak 2000

Geografiske namn

Namn på språk

Personnemningar til stadnamn i Noreg

Nye ord godkjende for nynorske skuleordlister

Ordsmia – eit tiltak i samband med avløysarord

Skriveråd

Skrivereglar o.a.

I gjennomsnitt har det vore 1000–1200 oppslag i døgnet (grafiske filer medrekna). Dei mest brukte dokumenta var Lita dataordliste, Skrivereglar o.a., Publikasjonar og dei engelskspråklege sidene. Nettadressa er: www.sprakrad.no.

11.2.3 Språksider på NRKs tekst-tv

Språksidene i NRKs tekst-tv har halde fram som før. Det har vore ei viss omlegging av sideoppblegget i NRK i år, og sidene våre har no nr. 423 med undersider. Dette året har Vigleik Leira og Svein Nestor stått for arbeidet.

Frå starten i 1986 og fram til utgangen av 2000 har det stått inne om lag 3000 sider.

11.2.4 Pressemeldingar og anna

Det vart i 2000 sendt ut 14 pressemeldingar. Det vart publisert to kronikkar, Jon Grepstad: "Jamstilling på datamaskinen", Dagbladet 5.10.2000, og Kjell Ivar Vannebo: "Norsk språk vår felles verdi", Aftenposten 23.10.2000.

Det vart registrert 800 pressekipp på "Norsk språkråd", mot 915 i 1999, 541 i 1998, 650 i 1997 og 1241 i 1996. Dei største kategoriane var rettskrivingssaker (140 klipp), mållova (110), diplomutdeling (59), programvare på nynorsk (28).

12 ADMINISTRASJON

12.1 Budsjett og rekneskap for år 2000

| Kapittel 0326 | Rekneskap | Budsjett |
|---|--------------------|-------------------|
| 01 Løn og godtjersler | 7 961 754 | 8 185 000 |
| 01 Varer og tenester | <u>4 824 431</u> | <u>4 482 000</u> |
| Sum kapittel 0326 | 12 786 185 | 12 667 000 |
| <hr/> | | |
| Kapittel 3326 | | |
| 01 Ymse inntekter | 212 726 | 180 000 |
| 16 Refusjonar | <u>241 990</u> | <u>140 000</u> |
| Sum kapittel 3326 | 454 716 | 320 000 |
| <hr/> | | |
| Faktiske inntekter | 454 716 | |
| Inntektskrav | -320 000 | |
| Budsjetterte utgifter | 12 667 000 | |
| Faktiske utgifter | <u>-12 786 185</u> | |
| Resultat | 15 531 | |
| <hr/> | | |
| Løyvinga over post 78 gjeld statstilskot til: | | |
| Norsk riksmålsordbok | 500 000 | |
| Norsk Ordbok: | 1 667 000 | |
| Rådet for teknisk terminologi: | <u>804 000</u> | |
| Sum løyving | 2 971 000 | |
| <hr/> | | |

12.2 Møte i råd, styre og fagnemnd

Rådet hadde årsmøte i Oslo 3. og 4. februar. Ved sida av vanlege årsmøtesaker var behandlinga av rettskrivingsvedtak frå fireårsperioden 1996–1999 den viktigaste saka.
Jamfør punkt 2.0.

Styret har hatt fem møte: 2. februar, 15. mars, 31. mai, 25. september og 30. november.

Fagnemnda har hatt tre møte: 10. januar, 12. april og 22. november.

I tillegg var det eit sammøte mellom styret, fagnemnda og sekretariatet 7. juni. Temaa på dette møtet var drøfting av strategiske tiltak i langtidsplanen for Språkrådet og organisasjonsforma i Språkrådet.

12.3 Avlevering av arkivmateriale

Språkrådet har i år avlevert arkivmateriale (13 hyllemeter) til Riksarkivet. Materialet er i hovudsak frå arkivet til Norsk språknemnd. Ein del av desse arkivsakene hadde sekretariatet sjølv byrja å ordne med tanke på avlevering, men det viste seg etter kvart at ein ikkje hadde kapasitet til å fullføre arbeidet, og ein valde å setje det bort til Stiftelsen Asta. Avtalen gjekk ut på at Asta blant anna skulle stå for nedpakking, ordning, listeføring og avlevering av materialet til Riksarkivet innan utgangen av året.

I brev av 30.9.00 rapporterte Asta at prosjektet vil bli avslutta innanfor den avtalte tids- og kostnadsramma. Når Riksarkivet har godkjent avleveringslista, får Språkrådet tilsendt godkjend katalog.

12.4 Kompetanseutvikling og lønningar i sekretariatet

22.10.99 fatta styret dette vedtaket:

"Styret mener at lønnsnivået i Språkrådet bør være høyere for enkelte stillingskategorier, og anbefaler at kommende styrer arbeider videre med saken. Kontorsjefene bør sørge for å ta saken opp i forbindelse med budsjettøknaden hvert år. Det kan være hensiktsmessig å legge til grunn en opptrappingsplan hvor lønnsnivå og kompetansekrav blir knyttet sammen."

I 2000 stilte styret kr 30 000 til disposisjon av eigne budsjettmidlar ved dei lokale lønnsforhandlingane, det same som året før.

Det er gjennomført ei kartlegging av kva for kunnskapar som finst i sekretariatet, og kva for kompetanse ein kan kome til å trenge i framtida. I samband med dette har det vore medarbeidarsamtalar med nesten alle dei tilsette i sekretariatet. Desse tiltaka er ledd i utviklinga av ein større kompetanseplan.

12.5 Deltaking på konferansar, seminar og anna

| | |
|-------------|---|
| 14.–15.1.00 | Konferanse om nordisk språkforståing, Oslo Ståle Løland, Svein Nestor, Åsta Norheim |
| 22.–23.1.00 | Seminaret "Målreising 2005 og sidemålsarbeidet", Noregs Mållag, Trondheim Trine Gedde-Dahl |
| 25.1.00 | Konferanse om "Enklare språk i staten", Oslo Bente Baltzersen, Trine Gedde-Dahl, Ingrid Dahlø, Marit Hovdenak, Åsta Norheim, Ståle Løland |
| 11.–13.2.00 | Møte i Nordisk språkråd, København Ståle Løland, Helge Sandøy |
| 11.–12.3.00 | Styremøte i Nordisk foreining for leksikografi, København Ståle Løland |
| 26.4.00 | Møte i Nordisk språkråds arbeidsutvalg, København |

Ståle Løland, Helge Sandøy

- 5.–6.5.00 Konferanse om nordisk språkforståing, Stockholm
Ståle Løland
- 22.–23.5.00 Seminar om nynorsk skriftkultur, Volda
Trine Gedde-Dahl, Marit Hovdenak
- 21.6.00 Opninga av Ivar Aasen-tunet, Hovdebygda, Ørsta
Jan Olav Fretland, Jon Grepstad
- 22.6.00 Dei nynorske festspela, Ørsta og Volda
Jon Grepstad
- 22.8.00 Møte i Nordisk språkråds arbeidsutvalg, København
Jan Olav Fretland, Ståle Løland
- 24.–25.8.00 Nordisk språkmøte, Nuuk, Grønland
Jan Olav Fretland, Ola Haugen, Marit Hovdenak, Ståle Løland, Helge Sandøy, Kåre Skadberg, Kjell Ivar Vannebo
- 9.–10.10.00 Konferanse i S.A.I.L. Port Northern Europe, Voss
Torbjørg Breivik
- 20.–22.10.00 Nordisk klarspråkskonferanse, Hanaholmen, Finland
Jostein Stokkeland
- 27.–28.10.00 Konferanse om nordisk språkforståing, København
Ståle Løland
- 4.–5.11.00 Møte om prosjektet ”Importord i språka i Norden”, Helsingfors
Løland, Helge Sandøy Ståle
- 10.11.00 Seminar i Statsautoriserte Translatørers Forening, Oslo
Torbjørg Breivik
- 11.11.00 Styremøte i Nordisk foreining for leksikografi, Oslo
Ståle Løland
- 17.–19.11.00 Redaksjonsmøte for *Skandinavisk ordbok*, København
Ståle Løland
- 31.10.00 Møte i Nasjonal komité for det europeiske språkåret 2001, Oslo
Bjørg Gaathaug
- 8.11.00 Møte i Kulturdepartemenet om arbeidet med norsk språk og IKT, Oslo
Jan Olav Fretland, Ola Haugen, Ståle Løland, Kåre Skadberg
- 24.11.00 Konferanse om bokmålet og nynorsken sin plass i utdanningssystemet, Oslo
Trine Gedde-Dahl, Åsta Norheim, Eilov Runnestø

16.–18.12.00

Redaksjonsmøte for *Skandinavisk ordbok*, København
Ståle Løland

Vedlegg 1

LOV AV 18. JUNI 1971 OM NORSK SPRÅKRÅD

§ 1

Det opprettes et råd for språkvern og språkdyrkning. Rådet skal ha navnet Norsk språkråd. Norsk språkråd skal:

- a. verne om den kulturarv som norsk skriftspråk og talespråk representerer, fremme tiltak som kan øke kunnskapen om norsk språk, dets historie og egenart, fremme toleranse og gjensidig respekt i forholdet mellom alle som bruker norsk språk i dets forskjellige varianter, og verne om den enkelte borgers rettigheter når det gjelder bruken av språket,
- b. følge utviklingen av norsk skriftspråk og talespråk og på dette grunnlag fremme samarbeid i dyrkingen og normeringen av våre to målformer og støtte opp om utviklingstendenser som på lengre sikt fører målformene nærmere sammen,
- c. gi myndighetene råd i språkspørsmål, særlig når det gjelder språkbruken i skolen, i Norsk riksringkasting og i statstjenesten, uttale seg om prinsipper for normering av skriftspråket og av stedsnavn, og komme med forslag om lovgivning i språkspørsmål,
- d. gi råd og rettledning til allmennheten,
- e. fremme og delta i nordisk samarbeid om språkdyrkning, og
- f. sørge for at resultatene av rådets arbeid blir gjort kjent.

§ 2

Kongen fastsetter nærmere vedtekter for rådets sammensetning, organisasjon og virksomhet.

§ 3

Denne lov trer i kraft fra den dag Kongen bestemmer.

Vedlegg 2

VEDTEKTER FOR NORSK SPRÅKRÅD

fastsatt ved kongelig resolusjon 29. oktober 1971, med seinere endringer 7. april 1972, 9. januar 1976, 25. november 1983, 10. februar 1984, 20. november 1987 og 10. januar 1992.

§ 1. Rådets sammensetning.

Norsk språkråd består av 38 medlemmer fordelt på to like seksjoner, en for bokmål og en for nynorsk.

For medlemmene oppnevnes varamedlemmer.

Rådets medlemmer blir oppnevnt for fire år. Følgende institusjoner oppnevner rådets medlemmer og varamedlemmer:

| | Bokmål | Nynorsk |
|--|--------|---------|
| Norske universiteter og vitenskapelige høgskoler | | |
| ved Det norske universitetet | 3 | 3 |
| Grunnskolen ved sin lærerorganisasjon | 1 | 1 |
| Den videregående skolen, folkehøgskolen og | | |
| lærerhøgskolen ved sine lærerorganisasjoner | 1 | 1 |
| Landslaget for norskundervisning | 1 | 1 |
| Den norske Forfatterforening | 2 | 2 |
| Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening | 1 | 1 |
| Norsk Oversetterforening, Statsautoriserte translatørers | | |
| forening og Oversetterutvalget i Norsk faglitterær | | |
| fforfatter- og oversetterforening | 1 | 1 |
| Den norske Forleggerforening | 1 | 1 |
| Norsk Presseforbund | 1 | 1 |
| Norsk rikskringkasting ved styret | 1 | 1 |
| Riksmålsforbundet | 2 | |
| Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur | 2 | |
| Noregs Mållag | | 2 |
| Det Norske Samlaget | | 1 |
| Norsk Måldyrkingslag | | 1 |
| Landslaget for språklig samling | 1 | 1 |
| Norsk Skuespillerforbund | 1 | 1 |

Dersom en institusjon eller organisasjon som oppnevner medlemmer og varamedlemmer i rådet, opphører eller vesentlig endrer sin virksomhet, kan Kongen endre rådets sammensetning også med virkning for medlemmer hvis funksjonstid ikke er ute.

Blant sine medlemmer velger rådet selv en fagnemnd på åtte medlemmer, fire fra hver seksjon, med personlige vararepresentanter.

Medlemmene av fagnemnda har for øvrig de samme rettigheter og plikter som andre medlemmer i rådet.

§ 2. Rådets styre og fagnemnd.

Hver seksjon i rådet velger sin leder for ett år om gangen. Seksjonslederne er skiftevis, ett år om gangen, leder og nestleder i rådet. Ved første valg avgjøres ved loddtrekning hvilken seksjon som skal ha ledervervet i rådet.

Seksjonene i fagnemnda velger for ett år om gangen hver sin leder. De to er skiftevis leder og nestleder i den samlede fagnemnd, slik at lederen i fagnemnda alltid er fra den seksjon som ikke har ledervervet i rådet.

Rådet har et styre på seks medlemmer: Leder og nestleder for rådet, som samtidig er leder og nestleder for styret, leder og nestleder for fagnemnda, og to seksjonsvalgte medlemmer, en fra hver seksjon.

Seksjonene i fagnemnda velger blant sine medlemmer personlige vararepresentanter til styret for lederen og nestlederen i fagnemnda. Personlige vararepresentanter for de andre styremedlemmene velges av seksjonene i rådet.

§ 3. Møter i rådet, i fagnemnda og i styret.

Rådet holder minst ett møte om året. Styret innkaller til rådsmøter med minst 2 ukers varsel. Sakliste sendes medlemmene innen samme frist. Ingen sak må tas opp til avgjørelse på rådsmøtet hvis den ikke har vært ført på saklista, med mindre rådet enstemmig beslutter det. Rådet skal innkalles hvis minst 13 medlemmer krever det.

Rådets fagnemnd møter så ofte som nødvendig, og minst fire ganger i året. Lederen i fagnemnda sørger for å kalle inn til møtene.

Rådets styre møter så ofte som nødvendig. Lederen i styret sørger for å kalle inn til møtene.

§ 4. Saksbehandling og vedtak.

Saker i rådet avgjøres enten i plenum eller i en seksjon. Saker som i betydelig grad berører begge språkformer, skal alltid avgjøres av rådet i plenum. Slike saker skal enten legges fram direkte for rådet i plenum eller først legges fram for den ene eller for hver av seksjonene til uttalelse. Saker som berører den ene språkform, men ikke i betydelig grad den andre, skal avgjøres i den seksjon som saken berører, men også da etter forutgående drøfting i plenum, jfr. dog annet ledd siste punkt.

Det er rådets styre som avgjør hvilke saker som skal legges fram direkte for rådet i plenum til avgjørelse, og hvilke som først skal legges fram for den ene eller for hver av seksjonene til uttalelse. Det kan også treffe beslutning om at saker som etter første ledts siste punkt skal avgjøres i en seksjon, skal legges direkte fram for vedkommende seksjon til avgjørelse uten forutgående drøfting i plenum.

Saker av rent språklig karakter kan styret legge direkte fram for fagnemnda uten forutgående drøfting i rådet i plenum, dersom saken haster eller dersom styret etter omstendighetene for øvrig finner det hensiktsmessig.

En sak som styret har lagt fram for rådet i plenum til direkte avgjørelse, skal, før avgjørelse treffes i

plenum, også legges fram for den ene seksjon eller for hver av seksjonene, dersom dette blir krevd av fire medlemmer av vedkommende seksjon. Alle avgjørelser ved plenumsbehandling irådet krever flertall innenfor hver av seksjonene.

Rådet er vedtaksført når minst 13 medlemmer fra hver av seksjonene er til stede. Alle avgjørelser i seksjonen treffes ved simpelt flertall. I tilfelle stemmelikhet er lederens stemme avgjørende.

Seksjonen er vedtaksfør når minst 13 medlemmer er til stede.

Alle avgjørelser i rådets styre treffes ved simpelt flertall. I tilfelle stemmelikhet skal saken legges fram for rådet. Styret er vedtaksført når minst to medlemmer fra hver seksjon er til stede.

§ 5. Fullmakter i normeringsspørsmål.

Norsk språkråd har fullmakt til å gjøre endelig vedtak i normeringsspørsmål som gjelder

- a. skrivemåte og bøyning av nye ord og andre enkeltord som ikke tidligere er normert i norsk (gjelder også transkripsjon av utenlandske navn)
- b. forkortelser
- c. tegnsetting
- d. datering og andre talluttrykk
- e. stor eller liten forbokstav
- f. særskriving eller sammenskriving
- g. orddeling

Vedtak om gjennomgripende endringer av hele systemer og vedtak om endring i skrivemåte eller bøyning av enkeltord som tidligere er normert i norsk, skal legges fram for departementet til godkjenning.

§ 6. Styrets oppgaver.

Styret fordeler de saker som kommer inn til Språkrådet, forbereder rådsmøtene, innkaller til møtene og har ansvaret for at rådets vedtak blir gjennomført. Styret varetar rådets kontakt med myndighetene og representerer rådet i tiden mellom rådsmøtene.

Styret utarbeider for rådet forslag til budsjett og årsmelding, og sørger for at budsjettforslag, regnskap og årsmelding, som også omfatter fagnemndas virksomhet, er innsendt til departementet innen den fastsatte frist for budsjettframlegg. Årsmeldingen sendes til alle oppnevnte institusjoner og organisasjoner. Rådets styre har innen budsjettets ramme adgang til å la særutvalg eller enkeltpersoner ta seg av særlige spørsmål.

§ 7. Fagnemndas oppgaver.

Fagnemnda er et faglig og konsultativt organ innen Norsk språkråd.

Etter oppdrag fra rådet skal nemnda utrede spørsmål av rent språklig karakter, og stå til konsultativ tjeneste for myndighetene, offentlige institusjoner, presse og allmennhet i faglige språkspørsmål.

Konkrete oppgaver for fagnemnda er f.eks.:

1. å gi rettleiing om språkbruk, ortografi, terminologi, syntaks og stil i lærebøkene for skoleverket,
2. å fremme enhet i terminologi innenfor hver språkgruppe, og, så langt det er naturlig, for begge språkgrupper under ett,
3. å registrere utviklingen av norsk skriftspråk og talespråk i samarbeid med språkvitenskapelige institusjoner,
4. å vareta rådets kontakt og samarbeid med liknende institusjoner i andre nordiske land.
Rådets styre kan innenfor rammen av denne paragraf gi nærmere instruks for fagnemndas virksomhet, herunder spørsmålet om delegering av avgjørende myndighet til nemnda i rent språklige spørsmål.

§ 8. Sekretariatet

Til det daglige arbeid får Norsk språkråd et sekretariat med nødvendig sekretærhjelp for hver språkform og ellers den kontorhjelp som trengs.

Alle tilsettinger foretas av rådets styre.

Styret setter opp instruks for sekretariatet og fører tilsyn med arbeidet ved lederen og nestlederen. Til sekretariatet knyttes en jurist som konsulent for styret irådet.

Vedlegg 3

RETNINGSLINJER FOR OPPTAK AV TYSKE OG DANSKE IMPORTORD I NYNORSKE ORDBØKER OG ORDLISTER

A *Allmenne retningslinjer*

- 1 Ord som har stor utbreiing i norske dialektar, bør ikkje haldast ute frå nynorske ordlister og ordbøker – med avgrensingane nedanfor:
- 2 Ein skal legge vekt på om ordet alt er i vanleg bruk i skriftleg nynorsk.
- 3 Ein tek ikkje opp ord når dei er synonyme med etablerte nynorskord og ligg nær slike ord i bygnad og skrivemåte.
- 4 Opptak av ord i ei ordklasse treng ikkje føre til at ein tek opp tilsvarende ordstamme i andre ordklasser.
- 5 Ein markerer ikkje etymologisk samanheng mellom importordet og andre nynorskord dersom det ikkje er vanleg å ha slik formsamanheng i dialektane.

B *Retningslinjer for særlege ordgrupper*

- 1 Ein tek ikkje opp ord med førestavingane *an-* og *be-* der nynorsk i same tyding har same ordrota utan den aktuelle førestavinga, eventuelt med etterfølgjande preposisjon.
- 2 Ein tek ikkje opp verb på *-ige* og avleiningar av dei.
- 3 Ord på *-else* kan takast opp berre når ein ikkje har synonyme ord på *-ing*, *-nad* eller utan etterstaving.
- 4 For etterstavinga *-heit* gjeld desse restriksjonane:
 - a) Ein tek ikkje opp *-heit*-avleiningar av perfektum partisipp, presens partisipp og av adjektiv på *-et(e)/-ut*.
 - b) Ord på *-laus* skal ha *-løyse* som einaste avleining
 - c) Ord på *-sam* skal ha *-semnd* som einaste avleining
 - d) Ord som i nynorsk har etterstavingane *-dom*, *-leik* og *-skap* i allmenn bruk, skal ikkje takast opp med *-heit*
 - e) Ein godtek ikkje *-heit*-ord der kortavleiningar er i bruk i dialektane.
- 5 Ein tek ikkje opp fleire substantiv i inkjekjønn på *-ande*.

Vedlegg 4

Godkjenning av ordlister – bruk av retningslinjene for opptak av importord

Ordtarfanganget i nynorsk, som i andre levande språk, er i prinsippet ope. Det er såleis ikkje mogleg å lage lister over alle ord i språket. Ei ordliste, same kor stor ho er, kan derfor berre innehalde eit utval av orda i språket. Likevel finst det ein del importord som stirr mot prinsippa i ”Retningslinjer for opptak av tyske og danske importord i nynorske ordbøker og ordlister” (vedlegg 3 her). Styret i Norsk språkråd vedtok i 1999 at sekretariatet skal godkjenne skuleordlister på grunnlag av desse retningslinjene. I 1999 og 2000 kom det to søknader om å få ta inn fleire ord etter desse retningslinjene, og søknadene vart ferdigbehandla i 2000. Nedanfor følgjer ei liste med døme på ord som no etter vurdering i sekretariatet kan takast inn i nynorske ordlister. Ei nærmare grunngiving for lista finst i svarbrevet på den eine søknaden, sjå nettadressa:

<http://www.sprakrad.no/ordsvar.htm>

Døme på ord som kan takast inn:

anerkjenning, anløp, anstendig, anta, antyde, begjær, beskjeden, bestikking, bryderi, forlegen, fortsetje, forvandle, krets, kveg, segne, skoggerle, speloppar, stillbar, uansett, vever; følelse, hevelse, skikkelse, skuffelse; anstendigkeit, bitterheit, enkelheit, ferdigkeit, høflegheit, kunstferdigkeit, openheit, partiskheit, skjønnheit

Døme på ord som er *avviste* på grunnlag av retningslinjene A1 og/eller A2: begjære, forslagen, helbred, toe (v.), vederkvege.

Ord som er avviste på grunnlag av A3: allikevel, forrige, løpe, sønderknust.

Ord som er avviste på grunnlag av B1: anførar, ankomst, anrop, antal, befolk, beføle.

Ord som er avviste på grunnlag av B3: anelse, bestemmelse, forferdelse, tillatelse.

Ord som er avviste på grunnlag av B4: avhengigkeit, evigheit, falskheit, fastheit, friheit, kåtheit, lydigheit, ordblindheit, sannsynlegheit, stillheit, tilfeldigkeit, uførheit.